



HØYRINGSNOTAT OM NY BARNEHAGELOV - BARNE OG FAMILIEDEPARTEMENTET - HØYRINGSUTTALE.

Osterøy kommune meiner at høyringsnotatet inneheld mange gode ord og formuleringar om kor viktig barnehagen er for born si læring og utvikling og kor viktig det er med kvalitet på tilbodet.

Osterøy kommune meiner dette ikkje blir teke omsyn til i dei endringane som det blir gjort framlegg om.

Barnehagane må ha eit personale med kompetanse og førskulelærarar er utdanna for arbeid med born i førskulealder. Det er viktig å oppretthalda krav om kompetanse fordi barnehagen skal vera eit pedagogisk tilbod; der personalet sin kunnskap er svært viktig for eit godt og systematisk tilrettelegging av arbeidet med born.

”6.1 Barnehagens formål”

Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i formålsparagrafen.

Osterøy kommune meiner likevel at det no er tida for å lovfesta born sin rett til barnehage og born sin rett til ei likeverdig utdanning. Dette burde blitt gjort som ei naturleg oppfylgjing av kvalitetsutvalget si innstilling og OECD rapporten som løftar dette fram som ein viktig føresetnad for god barnehagepolitikk

”6.2 Barnehagens innhold”

Osterøy kommune støttar utvidinga av innhaldsbestemmelsen og meiner det er svært viktig fordi barnehagen får eit tydelegare pedagogisk mandat.

”7. Barns og foreldres medvirkning”

Departementet gjer framlegg om å lovfesta born sin rett til medverknad. BFD påpeikar at born har rett til å bli høyrte, men det er dei vaksne som har ansvaret. BFD understrekar at dette krev kompetente vaksne som har god kunnskap om born sin behov.

Osterøy kommune støttar dette forslaget.

”8. Ansvar og myndighet”

Godkjenningsplikt

BFD gjer framlegg om å skjerpa vilkåra for kor tid ei verksemd er godkjenningspliktig. Det vil seia at fleire organiserte omsorgstilbod gjeve i barnegrupper, får plikt til å godkjenna verksemda som barnehage.

Osterøy kommune støttar forslaget.

Oppgaver og plikter for barnehageeier

Osterøy kommune støttar forslaget om å stadfesta barnehageeigar sitt ansvar i lovsform.

Særleg viktig er bestemmelsen om rapportering av regnskapsdata og tjenstedata.

Osterøy kommune går imot å fjerna bestemmelsen om at barnehagen skal leggja fram vedtekter ved godkjenning.

Kommunens ansvar som barnehagemyndighet

Osterøy kommune støttar forslaget om å gjera tydeleg kommunane sitt ansvar som barnehagemyndighet.

Osterøy kommune meiner likevel det er store manglar i dette forslaget; det er for lite tydeleg kva fagleg ansvar kommunane skal ha for kvalitetsutvikling og kompetanseutvikling.

Rammeplanen er ikkje omtala og det er svært uheldig.

Fylkesmannen sitt ansvar

Osterøy kommune ser det som svært viktig å oppretthalda eit statleg ansvarsnivå noko som vil vera med å bidra til ein godt fungerande barnehagesektor. Veiledning til kommunar og barnehageeigarar er viktige element i dette.

”9. Barnehagemyndighetenes generelle oppgaver”

Godkjenning av barnehager

Osterøy kommune meiner det er svært uheldig at kommunane som barnehagemyndighet ikkje skal kunna stilla vilkår når det gjeld bemanning, gruppestorleik og areal.

Gjeldande krav til bemanning, gruppestorleik og areal må vidareførast.

Kommunane må ha rett til å stilla dei krav som er naudsynt for å sikra kvalitet på barnehage tilbudet.

”10. Tilsyn”

Tilsyn

Osterøy kommune meiner at det også i denne bestemmelsen manglar noko om tilsyn som gjeld det faglege innhaldet i barnehagen. Det er svært uheldig for barnehagen som læringsarena og må leggjast inn i det nye lovverket.

Det som også manglar er kva skal skje når noko som ikkje er akseptabelt vert oppdaga; veiledning vert gjeve, men ingen endring skjer i verksemda. Kva skal kommunane som har ansvar for tilsyn gjera då?

”11. Personalet”

BFD si drøfting og synspunkt i høyringsnotatet skulle konkludera med at det er svært viktig med førskulelærarutdanning i pedagog- og leiarstillingar i barnehagane.

Osterøy kommune meiner det er svært viktig med krav om førskulelærarutdanning for pedagog - og leiarstillingar i barnehagane. Det er svært viktig at den pedagogiske verksemda har eit kompetent fagleg personale som er der for å sikra kvalitet på barnehage tilbudet.

OSTERØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Formannskapet	15.12.04	218/04	SAH

Saksansvarleg Sylvi Ann Hanstvedt	Arkiv: N-211.1 Objekt:	Sak ID 2004002066
---	---	-----------------------------

NY BARNEHAGELOV - FRÅSEGN FRÅ KOMMUNEN

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Rådmannen gjer ikkje framlegg til vedtak.

15.12.04 FS-218/04 UTVALET SI HANDSAMING:

Rådmannen si saksutgreiing vart delt ut i møtet.

Leiar for barnehagetenesta Sylvi Ann Hanstvedt orienterte om saka.

Det vart no halde pause i drøftingane med gruppemøte frå kl. 12.50 - kl. 13.00.

Ordføraren gjorde slikt framlegg: **"Formannskapet sluttar seg til rådmannen sin uttale vedkomande barnehagelov, med følgjande pressisering til pkt. 9, 3. linje etter areal: Gjeldande krav til bemanning, gruppestørleik og areal må vidareførast."**

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAMANDRAG

FAKTA

Barne og familiedepartementet har sendt utkast til ny barnehagelov på høyring. Høyringsfrist er 10. januar 2005. Framlegg til endringar kjem fordi det er naudsynt med ei forenkling av lovverket og at det blir meir brukarvenleg lovverk.

Eit utviklingstrekk dei siste åra er at kommunane gradvis har fått fleire oppgåver og plikter når det gjeld barnehagemynde. Den nye lova skal gjera tydeleg dei ulike ansvarsområda og leggja til rette for nyetableringar, lokal tilpassing og mangfald i barnehagetilbodet.

Barne og familiedepartementet sin innstilling er at ansvar for finansiering av barnehageområdet vert overført til kommunane i nær framtid.

Lova vil og leggja til rette for å sikra foreldre medverknad på borna sin kvardag.

I høyringsnotatet står det "Kvalitet har vært en rettesnor i arbeidet med den nye loven. En arbeidsgruppe har vurdert hvordan kvaliteten i barnehagetilbudet kan sikres.

I høyringsnotatet vert det drøfta korleis barnehagen si leiing og øvrige personale skal sjå ut; med omsyn til kva kompetanse som skal krevjast.

I tillegg vert det gjort framlegg om endringar når det gjeld:

- innhald (vert utvida)
- borna sin rett til medverknad
- godkjenningsplikt
- reglar om godkjenning - endring
- rett til prioritet ved opptak - vert utvida
- fylkesmannen sitt tilsyn - endring

Samarbeidsutvala i barnehagane i Osterøy har gjeve uttale på høyringsnotatet.

Samarbeidsutvala har i særleg grad uttala seg om bemanning i barnehagen og kva kompetanse personalet i barnehagen skal ha.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Rådmannen meiner at ein del av dei endringane som vert lagt fram vil svekka barnehagen sin kvalitet og barnehagen som læringsarena.

Rådmannen meiner det er svært uheldig å fjerna kravet om førskulelærarutdanning for styrar og pedagogisk leiar. Kravet til areal per barn bør oppretthaldast, dette er begge sikringsføresegner som er med på å sikra kvaliteten i barnehagen.

Rådmannen ser elles at det er positivt at vi får eit lovverk som er brukarvenleg og tilpassa oppgåvene som kommunane skal løysa.

Dato for saksutgreiing: 10.12.04.

Trykte vedlegg: 8 vedlegg